



# Fjord kommune

Ordføreren

Finansdepartementet  
Postboks 8008 DEP

0030 OSLO

**Vår ref.**

21/53/FE-000, TI-&13/EVAHOVE/41867801

**Dykkar ref.**

**Dato:**

17.06.2021

## Høyringsfråsegn frå Fjord kommune om endringar i grunnrenteskatten for vasskraft

Vi viser til Finansdepartementet sitt høyringsbrev og høyringsnotat av 11. mai 2021 om endringar i grunnrenteskatten for vasskraft for å handtere samvirke med selskapsskatten. Høyringsfristen er 4. august 2021.

Departementet gjer framlegg om at samvirkeproblemet vert handtert gjennom ei sekvensiell skattlegging der selskapsskatten vert ført i frådrag i grunnlaget for grunnrenteskatten, og at grunnrenteskattesatsen vert oppjustert frå 37 pst. til 47,4 pst. for å vidareføre same effektive marginalsatt som i dag på 59 pst. Forslaget er tenkt å gi ein reduksjon i skatteinntektene for 2021 på om lag kr. 200 millionar, bokført i 2022 samanlikna med gjeldande skattereglar. Det går fram av høyringsnotatet at dette i stor grad vil gi auka skatteinntekter i påfølgjande år, og at omlegginga samla sett blir om lag provenynøytral i noverdi.

Grunnrenteskatten kan trekkjast frå ved utrekning av eigedomsskatten, og forslaget får derfor også betydning for eigedomsskatten. På trass av dette er det ikkje gjort noko utrekning av kva for økonomiske konsekvensar dette får for kommunane sine eigedomsskatteinntekter. Om konsekvensar for eigedomsskatten er kun følgjande å lese i høyringsnotatet:

*«For kraftanlegg som ikke er bundet av minimums- og maksimumsreglene i eiendomsskatten, vil redusert grunnrenteskatt øke eiendomsskatteinntektene noe på kort sikt, motsvart av lavere eiendomsskatteinntekter på lengre sikt.»*

Maksimumsregelen, som departementet viser til, er gitt i eiendomsskatteloven § 8 B-1 fjerde ledd og inneber at kommunane ikkje vil få ta del i fordelten av høgare eigedomsskatt slik kommunane skulle hatt som følgje av redusert eller negativ grunnrenteskatt dei første åra etter investeringa etter overgangen til kontantstraumskatt. Når grunnrenteskatten etter investeringsperioden seinere aukar, vil kommunane imidlertid få varig lågare eigedomsskatt.

De økonomiske konsekvensene av departementet sitt framlegg, er heller ikkje avklart ved det svarte finansministeren gav 7. juni 2021. Dette var svar på spørsmål som Sigbjørn Gjelsvik (Sp) stilte 30. mai 2021. I svaret vert det berre gitt ein uttale om at endringa i grunnrenteskatten «over tid» ikkje vil gi «vesentlege utslag» for eigedomsskatten. Svaret gir på ingen måte tilstrekkeleg avklaring for kommunane som vertskap for vasskraftutbyggingar.

---

**Postadr.:**

Postboks 144  
6211 Valldal

**E post/heimeside**

post@fjord.kommune.no  
www.fjord.kommune.no

**Telefon**

418 67 800

**Bankgiro:**

3910 65 78234

**Organisasjonsnr.**

921 891 687

Inntektene frå eigedomsskatt er av stor økonomisk betydning for kommunane som skriv ut eigedomsskatt på kraftanlegg. Kommunane har behov for å ha føreseieleg kunnskap om komande inntektsnivå for å kunne planlegge og legge til rette tenesteproduksjonen i kommunen.

Departementet foreslår at framlegg til endringar i skattelova § 18-3 skal tre i kraft allereie med verknad frå og med inntektsåret 2021. Fjord kommune etterlyser svar på dei økonomiske verknadene av forslaget og vil på det sterkaste motsetje seg at endringa vert gjennomført utan at dei økonomiske konsekvensane er godt nok utgreidde. Det kan ikkje vere slik at eigedomsskatten vert brukt som salderingspost mellom staten og kraftverkseigarane, utan omsyn til kommunane.

Til slutt ber kommunen om at det vert presisert i ordlyd i lova at endringa i frådragsretten i grunnrenteskatten ikkje gjeld for utrekninga av frådraget ved fastsetjing av formueverdien/ eigedomsskattegrunlaget etter skattelova § 18-5, slik finansministeren stadfestar i brevet 7. juni 2021.

Med helsing

Eva Hove  
ordfører

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.*